

# MODALEN KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Sbh</b>
Formannskapet	11.05.2010	012/10	BBE

<b>Saksansvarleg</b> Svein Festervoll	<b>Arkiv:</b> N- <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 10/207
--	------------------------------------	-----------------------------

### REFERATSAKER

#### ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referat- og meldingssakene vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**11.05.2010**

#### **Handsaming i Formannskapet:**

1. Harald Farestveit var invitert til Formannskapet for å presentera rapporten om "Landbruksprosjektet". Prosjektet skal følgjast opp av ordføraren som kallar inn til fellesmøte med bøndene i Modalen.
  - a. Retningslinene for Næringsfondet skal tilpassast bøndene sine behov.
  - b. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med 2 representantar for bøndene og 2 frå politisk hald.
  - c. Harald Farestveit skal vere sekretær for arbeidsgruppa.
2. Modalen kommune er 100 år og rådmannen v/ kultursjefen fekk i oppdrag å leggje fram løyvingsak i Formannskapet sitt møte 1. juni.
3. Formannskapet gav sitt samtykke til å kjøpe inn over investerings- budsjettet bord og stolar som kan nyttast til arrangement og liknande
4. Ungjobb:

- a. Ungdom i Modalen har prioritet
  - b. Tilbudet gjeld berre den som har gjennomført 10. klasse i Modalen.
  - c. Kommunen vil sjå søkarane opp mot eige behov for sommarhjelp.
  - d. Tilbudet for ungdom frå Eidslandet vil i første omgang berre gjelde dei som er over 18. år.
  - e. Rådmannen skal vurdere om det frå 2011 skal innførast ei maksimal ramme på 10 plassar for ungjobb i kommunen og at tilsetting skjer etter søknad og vurdering.
5. Det skal lagast eit tilbod om å opprette link mellom kommunen si heimeside og bedriftene sine heimesider når kommunen eller bedriftene har ledige stillingar.
  6. Informasjon om ledige husvære i kommunen skal leggjast ut på kommunen si heimeside.
  7. Informasjon om ledige tomter og byggeareal med tilhøyrande kartdel skal leggjast ut på kommunen si heimeside.
  8. Formannskapet gav si tilslutning til at Modalen Næringsbygg AS får leige det gamle biblioteket. Leigeavtalen skal leggjast fram for Formannskapet.
  9. Veganlegget på Eidslandet. Ordføraren orienterte om saka. Rådmannen fekk i oppdrag å finne ut innhald og omfang av saka - mellom anna på kva måte utgiftene vart fordelt mellom partane - og om Vaksdal kommune hadde teke initiativ i høve til vegmyndigheitene som følgje av at anlegget vart billigare enn det ein trudde.

Samrøystes.

#### **FOR-012/10 VEDTAK:**

Referat- og meldingssakene vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**REFERATSAKER**